Sjølv om gbnr 10/8 ikkje har sjølvstendig drift no har eigedomen eit arealgrunnlag som utløyser buplikt ved overdraging. På gardar der det er buplikt bør ein vere varsame med å dele frå gardshus nr 2. Gardshus nr 2 lettar overdraging til neste generasjon, og kan leigast ut i periodar når det ikkje er bruk for to bustadhus på garden. På ein gard med buplikt og berre eitt bustadhus må i praksis den gamle eigaren finne annan bustad. Dette medfører ofte at garden vert overdregen til ein høgare pris - den førre eigaren må få så pass igjen for garden at han kan kjøpe bustad i den opne marknaden. Neste generasjon kan då få ei stor økonomisk belastning når han tek over eigedomen, samstundes som det ofte må gjerast investeringar i driftsapparatet. For neste generasjon kan det vere vel så gunstig å behalde begge husa. Dersom den avtroppande bonden skal ha burett i hus nr 2 vil det også vere vanleg å redusere kjøpesummen ut frå verdien av bruksretten. Med lågare kjøpesum treng neste generasjon mindre lån, har betre rom for andre investeringar, og vil i framtida ha eit disponibelt hus som kan brukast ved generasjonsskifte og elles gje ei stabil leigeinntekt som tillegg til gardsdrifta. Sjølv om hus nr 2 krev tilsyn og vedlikehald utgjer det ein betydeleg verdi for eigedomen, og bør difor ikkje delast frå.

Der det ikkje kan gjevast samtykke til deling etter § 12 tredje ledd kan ein gje samtykke etter fjerde ledd dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området. Forståinga av fjerde ledd er utgreidd i Rundskriv M-1/2013 kap 8.4 (Landbruks- og matdepartementet). Formuleringa «dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga» inneber at fjerde ledd berre kan nyttast i område der det reelt er utfordringar knytt til å halde folketalet oppe. Fjerde ledd kan t.d. ikkje brukast der ein kommune har behov for fleire bustadtomter i eit pressområde. Ved samtykke til deling etter fjerde ledd må kommunen kunne vise til at delinga vil føre til ei positiv endring for busetjinga. Gbnr 10/8 ligg sentralt mellom dei tettbygde områda Føresvik og Alvestadkroken, ved kyrkja og skulen. I dette området er det ikkje utfordringar med å halde busetnaden oppe. Samtykke til deling kan då ikkje gjevast etter § 12 fjerde ledd.

Å starte opp att sjølvstendig drift på garden vil for dei fleste produksjonar krevje store investeringar. Dersom dette ikkje vert aktuelt i framtida kan det vere ei løysing å selje garden som tilleggsjord. Det er etablert praksis for at ein som ynskjer å selje garden som tilleggsjord kan få dele frå bustadhusa på eigedomen. For ei slik løysing er det eit vilkår at alt anna areal vert selt til ein nabo som driv landbruk, og til ein pris som kan godkjennast i ei konsesjonsvurdering.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	01.09.2015	033/15	BJL

<b>Saksansv.:</b> Bjørn Løvland	<b>Arkiv:</b> GBR-7/32	<b>Arkivsaknr</b>
	<b>Objekt:</b>	15/207

### Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - tomannsbustad - dispensasjon

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	13.04.2015	Berge Sag og Trelast AS	Søknad om tillatelse i ett trinn. Nytt bygg - boligformål
3	I	15.04.2015	Per Olav Berge	SAK DISP TO-MANNS - VÅGA FELTET
2	U	16.04.2015	Berge Sag og Trelast AS	Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - søknad om oppføring av tomannsbustad - dispensasjon
4	U	21.04.2015	Per Olav Berge	SV: Byggesøknad Vågavegen - HASTAR
5	I	22.04.2015	Magne Jensen	Søknad om disp. i byggesak, Ruben Våga
6	U	05.05.2015	Fylkesmannen i Rogaland; Rogaland fylkeskommune; Statens vegvesen Region Vest	Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - tomannsbustad - dispensasjon
7	U	20.05.2015	Kyvik Gro Osmundsen	UTSETT KLAGEFRIST, E39 - Vågaheia, dispensasjon frå kommuneplanen, gnr. 7 bnr. 32
8	I	28.05.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland	Bokn kommune - GNR.7, BNR.32 - Søknad om byggeløyve for oppføring av tomannsbustad.
9	I	08.06.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland	Svar - Bokn kommune - Gnr.7, Bnr.32 - Søknad om byggeløyve for oppføring av tomannsbustad

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. På bakgrunn av fråsegn frå Statens vegvesen i brev dagsett 11.05.2015 finn kommunen ikkje å kunne dispensere frå krav om reguleringsplan på dette tidspunktet, jfr. § 19-2 i plan- og bygningslova.
2. Kommunen er innstilt på å dispensere frå plankravet dersom det ved endeleg val av ny trase for E39 viser seg at den aktuelle tomte ikkje kjem i konflikt med den nye traseen.

**01.09.2015 FORVALTNINGSSTYRE**

Saka vart drøfta.

Høgre sette fram fylgjande forslag:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel for bygging av tomannsbustad på gnr. 7 bnr. 32, slik som det er søkt om.  
Det er lagt vekt på at tomte ligg i utkanten av feltet, og at den er byggemodna med veg, vatn og avlaup.  
Etter forvaltningsstyret si vurdering, ville derfor bygging på denne tomte nå, ikkje gjere det vidare reguleringsarbeidet vanskelegare.  
Det er og lagt vekt på at fylkeskommunen deler dette synet.  
Føremona ved å gje dispensasjon vert derfor samla sett vurdert klårt større enn ulempe.
2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

**FV-033/15 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg fall.

Forslag frå H vart vedteke mot ei røyst frå A.



**Kva saka gjeld:**

Søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan for oppføring av tomannsbustad.

**Bakgrunn for saka:**

Bokn kommune har motteke søknad om byggeløyve for oppføring av ein tomannsbustad på ovannemnde eigedom.

Tomta som tidlegare er delt frå, ligg i eit område som er lagt ut til bustadforemål i kommuneplanen sin arealdel.

Etter føresegnene til kommuneplanen, er det krav om reguleringsplan for området. Framlegg til reguleringsplan er førstegongs handsama av kommunen, og har vore lagt ut til offentleg ettersyn med høringsfrist 31.12.2014.

Innan fristen mottok kommunen samordna statleg uttale til planutkastet. Av denne går det fram at Statens vegvesen har fremja motsegn til framlegget og fylkesmannen i Rogaland har fagleg råd.

Omega Areal AS sende på vegne av tiltakshavar og Bokn kommune ein e-post dagsett 23.04.2015 til fylkesmannen med forslag til løysing på varsla motsegn i høve til born og unge, samt faglege råd til reguleringsplanen for Vågaheia på Austre Bokn.

Reguleringsframlegget for Vågaheia var sett opp på sakskartet til forvaltningsstyret sitt møte 03.06.2015. for 2. gongs handsaming.

Før møtet, vart kommunen kjent med at det også låg føre ei motsegn frå Rogaland fylkeskommune, som var vedteke i fylkesutvalet sitt møte 16.12.2014.

Fylkeskommunen opplyser at denne skal vera på e-post til kommunen sitt postmottak den 18.12.2014, men kommunen kan ikkje verifisere at denne er motteken.

Under ei kvar omstende, er motsegna ikkje registrert inn i sakshandsamarsystemet, og den er såleis ikkje vurdert i saka som vart førebudd til møtet 03.06.2015

Rådmannen ba derfor om at saka vart trekt frå møtet.

Forvaltningsstyret vedtok derfor å trekkje saka frå sakskartet.

På bakgrunn av dette, sende kommunen brev til Omega Areal AS den 05.06.2015, der administrasjonen rådde til at tiltakshavar går gjennom motsegna frå fylkeskommunen og søker å avklare kva endringar i planframlegget som må gjerast for at fylkeskommunen skal kunne rå til at framlegget vert eigengodkjent av kommunen.

Dette gjeld også i høve motsegna frå fylkesmannen, der framlegget frå Omega til løysing, ikkje vart akseptert av fylkesmannen.

I e-post dagsett 30.06.2015 fekk kommunen melding om at tiltakshavar for planen hadde konkludert med at planen skulle leggjast til side til etter kommunevalet til hausten.

Ettersom stadfest reguleringsplan ikkje ligg føre, vert det søkt om dispensasjon frå reguleringskravet i samband med denne konkrete byggesaka.

**Saksutgreiing:**

Det er naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for bygging av tomannsbustad slik det er søkt om.

Kommunen kan etter § 19-2 i plan- og bygningslova gje dispensasjon etter grunngjeven søknad. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsynet bak den bestemminga som det vert dispensert frå, eller omsynet i føremålsbestemminga i lova, vert vesentleg sett til side. I tillegg må føremona ved å gje dispensasjon vera klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det kan ikkje dispenserast frå sakshandsamingsreglar.

I den einskilde dispensasjonssak må det føretakast ei konkret og reell vurdering av dei faktiske tilhøva i saka.

Dei ulike føresegner og planar har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal ikkje vera kurant å vike frå desse.

Etter føremålsparagrafen i PBL, (§2), går det mellom anna fram at lova skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.

Forvaltningsstyret må vurdere om det er rom for å gje dispensasjon, og om søkjaren sine grunnar for å få dispensasjon skal vega klårt tyngre enn dei omsyn kommuneplanen sin arealdel er meint å ta vare på.

### **Vurdering:**

Dispensasjonssøknaden vart i samsvar med § 19-1 i plan- og bygningslova sendt over til fylkesmannen, fylkeskommunen og Statens vegvesen for førehandsuttale med brev dagsett 05.05.2015.

Fylkesmannen har ikkje gjeve fråsegn i saka.

Fylkeskommunen viser i brev dagsett 08.06.2015 til den motsegna dei har gjeve i høve til planframlegget, men konkluderer med at det omsøkte tiltaket ikkje vil hindre gjennomføring av kommuneplanen slik at dispensasjon frå reguleringskravet kan gjevast.

Statens vegvesen viser i brev dagsett 11.05.2015 til si motsegn mot reguleringsframlegget, og uttalar vidare at tomta det er søkt om dispensasjon for, ser ut til å kome i konflikt med ny trase for E39.

Statens vegvesen vil derfor setje seg mot at det vert gjeve dispensasjon frå krav om reguleringsplan.

Dersom kommunen likevel vel å gje dispensasjon, vil Statens vegvesen klage på dette vedtaket.

Administrasjonen var i utgangspunktet innstilt på å dispensere frå plankravet slik det er søkt om.

Dette av di tomta ligg i utkanten av feltet, og den er byggemodna med veg, vatn og avlaup. Etter administrasjonen si vurdering, ville derfor bygging på denne tomta nå, ikkje gjere det vidare reguleringsarbeidet vanskelegare.

Fylkeskommunen deler dette synet.

Statens vegvesen meiner derimot at tomta det er søkt dispensasjon for ser ut til å kome i konflikt med ny trase for E39, og det vert frå vegvesenet si side, vist til at ein kommune ikkje bør dispensere frå planar når statleg eller regional etat har uttalt seg negativt til dispensasjonssøknaden.

Dei gjer det og klart at ei positivt dispensasjonsvedtak vil verta klaga på.

På bakgrunn av fråsegna frå Statens vegvesen er det neppe korkje korrekt eller føremålstenleg å dispensere frå plankravet.

Ny E39 er eit prosjekt av stor samfunnsnytte, der kommunen har vore med i drøftingar av ulike traseval, og det ville vera underleg om kommunen midt i denne prosessen skulle gje løyve til prosjekt som kan kome i konflikt med ein eller fleire av dei aktuelle traseane.

I tillegg må det leggjast vekt på vegvesenet si fråsegn om at eit positivt dispensasjonsvedtak vil verta klaga på.

Endeleg avgjerd i ei framtidig klagesak vil truleg ta lenger tid enn den tid Statens vegvesen skisserer med omsyn til endeleg traseval for E39.

Ein dispensasjon synes derfor å føre til at omsynet som ligg bak kravet om reguleringsplan vert sett vesentleg til sides, og føremona ved å gje dispensasjon er heller ikkje vesentleg større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Krava for å kunne gje dispensasjon er dermed ikkje oppfylt slik stoda er i dag.

Dersom det etter at det endelege trasevalet for ny E39 er gjort, viser seg at den aktuelle tomte ikkje kjem i strid med dette, må dispensasjon frå plankravet då kunne gjevast, dersom reguleringsplan ikkje allereie ligg føre.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	01.09.2015	034/15	BJL

Saksansv.: Bjørn Løvland	Arkiv: GBR-9/16	Arkivsaknr
	Objekt:	15/203

### Gnr. 9 bnr. 16 mfl. - Malin Taraldlien og Lars Arvid Norekvål - einebustad - dispensasjon

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	10.04.2015	Shula Margo Barchichat	Merknad til nabovarsel vedrørende bolig på gnr.9 bnr.16, 85 og 174
2	I	14.04.2015	Nordbohus Haugaland AS	Søknad om tillatelse i ett trinn enebolig.Nabovarsel. Gjennomføringsplan. Søknad om ansvarsrett. Rørleggermeldiing..Kart. Teikninger.
3	U	05.05.2015	Fylkesmannen i Rogaland; Rogaland fylkeskommune	Gnr. 9 bnr. 16 mfl. - Malin Taraldlien og Lars Arvid Norekvål - einebustad - dispensasjon
4	U	05.05.2015	Nordbohus Haugaland AS	Gnr. 9 bnr. 16 mfl. - Malin Taraldlien og Lars Arvid Norekvål - einebustad
6	I	08.05.2015	Eiliv Staalesen	Gnr 9 Bnr 16 Enebolig
7	I	11.05.2015	Eiliv Staalesen	Komentar til nabomerknad: Gnr. 9 bnr. 16 mfl. Merknad til byggesak.
5	U	11.05.2015	eiliv.staalesen@telle.no,	Gnr. 9 bnr. 16 mfl. Merknad til byggesak.
8	I	28.05.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland	Bokn kommune - GNR.9, BNR.16 mfl. -dispensasjon - oppføring av bustad.Uttale frå seksjon for kulturarv.
9	I	02.06.2015	Fylkesmannen i Rogaland v/ Annette Jacobsen Mogleiv	Fråsegn til søknad om dispensasjon for oppføring av bustad på gnr./bnr. 9/16,85,174 Stabburvegen, Sæbø, Bokn
10	U	06.07.2015	Nordbohus Haugaland AS	Gnr. 9 bnr. 16 mfl. - Malin Taraldlien og Lars Arvid Norekvål - einebustad - manglande opplysningar
12	I	13.08.2015	Nordbohus Haugaland AS	Intensjonsavtale og søknad om tillatelse

## **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Plan- og bygningslova  
Kommuneplanen sin arealdel

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel for bygging av einebustad på gnr. 9 bnr. 16 m.fl., slik som det er søkt om.  
Det er lagt vekt på at det er tale om fortetting av eit område som allereie er utbygt, slik at det ikkje er behov for ytterlegare avklaring av arealbruken i området.  
Det og lagt vekt på at regionale styresmakter ikkje har innvendingar mot at det vert dispensert frå plankravet.  
Føremona ved å gje dispensasjon vert derfor samla sett vurdert klårt større enn ulempene.
2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.  
Det er ein føresetnad at søknad om arrondering av tomte er omsøkt og godkjent samstundes med at byggeløyve vert gjeve, og at det er gjort greie for ei tilfredsstillande kloakkløysing.

## **01.09.2015 FORVALTNINGSSTYRE**

### **FV-034/15 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke samrøystes.

**Kva saka gjeld:**

Søknad om dispensasjon frå krav om å lage reguleringsplan.

**Bakgrunn for saka:**

Det er søkt om løyve til å føre opp ein einbustad.

Eigedommen som det står eit bygg på frå før, ligg i eit område som er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel, med krav om at det etter behov skal lagast reguleringsplan.

Det ligg ikkje føre reguleringsplan, og det vert søkt om dispensasjon frå plankravet.

**Saksutgreiing:**

Det er naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for bygging slik det er søkt om.

Kommunen kan etter § 19-2 i plan- og bygningslova gje dispensasjon etter grunngjeven søknad. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsynet bak den bestemminga som det vert dispensert frå, eller omsynet i føremålsbestemminga i lova, vert vesentleg sett til side. I tillegg må føremona ved å gje dispensasjon vera klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det kan ikkje dispenserast frå sakshandsamingsreglar.

I den einskilde dispensasjonssak må det føretakast ei konkret og reell vurdering av dei faktiske tilhøva i saka.

Dei ulike føresegnar og planar har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal ikkje vera kurant å vike frå desse.

Etter føremålsparagrafen i PBL, (§2), går det mellom anna fram at lova skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.

Forvaltningsstyret må vurdere om det er rom for å gje dispensasjon, og om søkjaren sine grunnar for å få dispensasjon skal vega klårt tyngre enn dei omsyn kommuneplanen sin arealdel er meint å ta vare på.

**Vurdering:**

Saka vart med brev dagsett 05.05.2015 sendt over til fylkesmannen og fylkeskommunen for førehandsvurdering i samsvar med § 19-1 i plan- og bygningslova.

Ingen av desse har merknader til at det vert dispensert frå kravet om reguleringsplan. ved fortetting av dette området.

Føresegnene til kommuneplanen sin arealdel legg opp til at det etter behov skal lagast reguleringsplan

Ettersom området i det store og heile er utbygt, skulle det ikkje vera behov for ytterlegare avklaring av arealbruken i området.

Dispensasjon vil derfor ikkje føre til at omsynet som ligg bak kommuneplanen vert sett vesentleg til sides.

Også ynsket om fortetting og styrking av busetnaden i Føresvik, talar for at dispensasjon vert gjeve.

Ut frå ei samla vurdering må derfor føremona ved å gje dispensasjon seiast å vera klårt større enn ulempene.

Det må og leggjast vekt på at korkje fylkesmannen eller fylkeskommunen har innvendingar mot at det vert dispensert frå plankravet.

Det ligg føre protest mot bygget frå ein nabo, som meiner at det omsøkte bygget vil ta utsikt frå hennar husvære som ligg i firemannsbustaden vest for den aktuelle eigedomen.

Ansvarleg søkjar har gjeve denne kommentaren i e-post dagsett 11.05.2015:

*Viser til mottatte naboklage, mottatt i dag via Bokn Kommune.*

*Vi sjekket med Posten. Det viser seg at det er et feilsendt rekommandert brev til oss til annet postkontor(feil postnummer på sending).*

*Nabo protesterer mot at utsikt forsvinner og at bygget er til stor sjenanse.*

*Topp møne på nytt bygg er planlagt på kote 15.5 moh. Dette er langt lavere enn gulvnivået for nabo som er berørt.*

*Nytt planlagt bygg ikke plassert rett fremfor mhp utsikt ned mot Føresvik .*

*Se vedlagte situasjonskart/terrengsnitt påført siktlinjer nabo vs nytt bygg.*

*Vi kan ikke se at nytt planlagt bygg hindrer utsikt eller er til nevneverdig sjenanse.*

Ut frå terrenghøva på staden, er det vanskeleg å sjå at det omsøkte bygget vil føre til sjenanse for naboen utover det som må tålast i eit tettbygd sentrumsnært bustadområde.

Det går fram av søknaden at tomta skal arronderast ved kjøp av eit tilleggsareal mot nord, og det vert lagt til grunn at dette tilhøvet må vera avklara før det vert gjeve byggeløyve.

Det same gjeld kloakkøysinga, som det må gjerast nærare greie for.

Ansvarleg søkjar er gjort merksam på dette i brev dagsett 05.05.2015 og 06.07.2015.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	01.09.2015	035/15	BJL

<b>Saksansv.:</b> Bjørn Løvland	<b>Arkiv:</b> GBR-17/8	<b>Arkivsaknr</b>
	<b>Objekt:</b>	10/166

### Gnr. 17 bnr. 8 - Berit Solveig Dahl - anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	26.04.2010	Berit Solveig Dahl	Søknad om parkering til hyttetomt gnr. 17 bnr. 8
2	U	01.09.2010	Fylkesmannen i Rogaland	PARKERING TIL HYTTETOMT
3	U	01.09.2010	Berit Solveig Dahl	GNR. 17 BNR. 8 -dispensasjon PARKERING TIL HYTTETOMT GNR. 17 BNR. 8
4	I	23.09.2012	Tysvær Kommune	Matrikkelbrev
5	N	05.10.2012	Økonomi	Fakturagrunnlag
6	N	05.10.2012	Økonomi - Lindy Haram	Fakturagrunnlag
7	I	27.11.2012	Berit Solveig Dahl	Dispensasjonssøknad for vei over 17/13 og parkering på 17/ Hognaland
8	I	10.12.2012	Kirsti Moe	Nabomerknad vedr. gårdsnummer 17/13
10	I	16.12.2012	Sigmund Moe	Innspel til byggesak
9	U	21.01.2013	Berit Solveig Dahl	Gnr 17 Bnr 8 - Dispensasjon for vei over gnr 17 bnr 13 og parkering på gnr 17 bnr 8 - Hognaland
11	I	13.03.2013	Berit S Dahl	Purring på sak
12	U	06.05.2013	Berit Solveig Dahl	Gnr. 17 bnr. 8 - Berit Solveig Dahl - dispensasjon for anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg
13	I	22.05.2013	Helge Moe	Kåre Bua.
14	U	13.11.2013	Haugaland og Sunnhordland Jordskifterett	Gnr. 17 bnr. 14 -melding om sak for jordskifteretten - sak 1210-2013-0054
15	I	28.07.2014	Berit Solveig Dahl	Ny dispensasjonssøknad for parkering på gnr. 17 bnr. 8 - Hognaland på Bokn
16	U	01.08.2014	Berit Solveig Dahl	Gnr. 17 bnr. 8 - Berit Solveig Dahl - dispensasjon for anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg



17	I	02.09.2014	Berit Solveig Dahl	Gnr.17 bnr.8 Berit Solveig Dahl - Dispensasjon for anlegg v parkeringsplass og tilkomstveg.
18	U	08.09.2014	Fylkesmannen i Rogaland; Rogaland fylkeskommune	Gnr. 17 bnr. 8 - Berit Solveig Dahl - anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg
19	I	12.09.2014	Fylkesrådmannen i Rogaland	BOKN KOMMUNE - GNR.17, BNR.8 - DISPENSASJON FRA KOMMUNEPLANEN
20	U	16.09.2014	firmapost@rogfk.no,	Synfaring - Kablar og leidningar
21	I	05.10.2014	anette.jacobsen.mokleiv@fyl kesmannen.no,	Fråsegn til søknad om dispensasjon for anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg på gnr./bnr. 17/8, Bokn
22	I	18.02.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland	Bokn kommune - gnr.17 bnr.8 - Dispensasjon fra kommuneplanen anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg.
23	I	23.02.2015	Berit Solveig Dahl	Parkering Hognaland. Bokn Kommune g.nr. 17.8, Dispensasjon fra kommuneplanen. Revidert teikning.
24	U	02.03.2015	Rogaland fylkeskommune	Gnr.17 bnr.8 - Britt Solveig Dahl - anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg - godkjenning av løysing
25	I	04.03.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland	Bokn kommune - gnr.17 bnr.8 - Dispensasjon fra kommuneplanen.
27	U	26.03.2015	Berit Solveig Dahl	Gnr. 17 bnr. 8 - Brit Solveig Dahl - anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg - dispensasjon - melding om vedtak
28	U	26.03.2015	Fylkesmannen i Rogaland; Rogaland Fylkeskommune	Gnr. 17 bnr. 8 . Brit Solveig Dahl - anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg - dispensasjon - melding om vedtak - klagevurdering
29	U	11.05.2015	Berit Solveig Dahl	Gnr. 17 bnr. 8 . Brit Solveig Dahl - anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg -
32	I	13.05.2015	Berit Solveig Dahl	Søknadsskjema.
30	U	15.05.2015	Kåre Bua	Krav til ansvarsrettar
31	U	15.05.2015	Berit.Dahl@gk.no,	Krav til ansvarsrettar
33	I	31.05.2015	Vidar Grønnestad	Søknad om ansvarsrett for gnr. 17 bnr. 8 og 13.
36	U	08.06.2015	Vidar Grønnestad	Gnr. 17 Bnr. 8 - Berit Solveig Dahl - Tillatelse til opparbeidelse av veg og parkeringsplass
37	I	29.06.2015	Berit Solveig Dahl	Ang. vei og parkering gbnr.17/8
38	U	01.07.2015	Berit Solveig Dahl	Gnr. 17 bnr. 8 - Berit Solveig Dahl - anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg
39	I	13.07.2015	Sigmund Moe	Innsigelser på nabovarsel Gnr.17. Bnr.8.
40	I	14.07.2015	Helge Moe	Fwd: Innsigelser nabovarsel gnr.17 Bnr 8

41	U	20.07.2015	Berit Solveig Dahl	Gnr. 17 bnr. 8 - Berit Solveig Dahl - anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg
42	I	23.07.2015	Kirsti Moe	Nabovarsel som ble mottatt august 2014 ble godkjent uten unnsigelser
43	I	28.07.2015	Berit Solveig Dahl	Anlegg til parkeringsplass og tilkomstvei. Kommentar til nabovarsel sendt 06.07.2015

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Plan- og bygningslova  
Kommuneplanen sin arealdel

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Forvaltningsstyret er samd i naboane sine merknader om at nabovarslinga i høve til endringane av planane for veg og parkeringsplass er mangelfull, men finn ikkje at dette at hatt innverknad på utfallet av saka.
2. I medhald av § 20-1 l) vert veg og parkeringsplass godkjent slik den er utført. Det er ein føresetnad at vegbreidda er maksimalt 3.0 m slik det går fram av kravet frå seksjon for kulturarv i fylkeskommunen og domen i jordskifteretten.
3. Kommunen tek ikkje stode til eventuelle tvistar om private rettstilhøve, jfr. § 21-6.

### **01.09.2015 FORVALTNINGSSTYRE**

### **FV-035/15 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke samrøystes.

### **Kva saka gjeld:**

Søknad om endring av tidlegare godkjent tilkomstveg og parkeringsplass.

### **Bakgrunn for saka:**

Denne saka har ei etter måten lang forhistorie.

Kommunen mottok allereie i 2010 søknad om løyve til å bygge veg og parkeringsplass for den etablerte fritidsbustaden, men på grunn av tvist om vegrett kom denne søknaden ikkje til handsaming.

Spørsmålet om vegrett vart avgjort av jordskifteretten i sak 1210 – 2013 – 0038 Hognaland , der det vart avsagt fylgjande dom:

*Eigaren av 17/8 har vegrett over 17/3 med ei maksimal vegbreidde på 3,0 meter. Vegen skal leggjast så nær steingjerdet som offentlege styresmakter gir løyve til.*

Søknaden vart etter dette fremja på ny.

Dispensasjonssøknaden vart sendt fylkesmannen og fylkeskommunen til førehandsuttale med brev dagsett 08.09.2014.

Fylkesmannen meldte i e-post dagsett 05.10.2014 frå at dei ikkje har vesentlege merknadar til søknaden.

Fylkeskommunen ved seksjon for kulturarv, hadde derimot merknader til plasseringa av vegen ut frå omsynet til eit nærliggjande automatisk freda kulturminne (ei gravrøys).

På grunnlag av desse merknadane, sendte tiltakshavar inn ny plan der vegen og parkeringsplassen var justert i samsvar med krava frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen godkjente deretter i brev dagsett 03.03.2015 planen.

Justeringa av vegtraseen syntes også å føre til at anlegget vart lagt inn på det arealet som er vist til byggeformål i kommuneplanen sin arealdel.

Plasseringa var dermed ikkje lenger i strid med arealføremålet i kommuneplanen, men framleis i strid med byggeforbodet i 100-metersbeltet mot sjøen.

Dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona vart gjeve av forvaltningsstyret som sak 009/15, og endeleg byggeøyve vart gjeve administrativt som sak 104/15.

I samband med søknad om ei mindre endring av parkeringsplassen, kom det opp at naboane ikkje var varsla om endringa av vegen som skuldast kravet frå seksjon for kulturarv i fylkeskommunen.

Det vart derfor kravd ny varsling, og slikt varsel vart sendt ut 06.07.2015.

Det ligg føre merknad frå 3 naboar. Merknadane er referert i kortform nedanfor med kommentarar frå tiltakshavar.

### **Saksutgreiing:**

Det ligg føre merknad frå fylgjande naboar:

#### Helge Moe

Han har merknad til manglande nabovarsling, og viser til at vegen avvik 1m på breidda i høve til den søknaden som er sendt inn,

Vidare viser han til at arbeidet er slutført før nabovarsel er sendt, og han ber om at kommunen handsamar saka på ny etter synfaring på staden.

Det vert elles vist til den fullstendige merknaden som fylgjer som vedlegg til denne saka.

#### Sigurd Moe

Han har merknad til mangelfull nabovarsling og at vegen er bygt ferdig før ny varsling vart føreteke.

Det vert også hevda at vegen ikkje er i samsvar med tidlegare innsendte teikningar, og at den ansvarshavande kommunen har godkjent er ugild og dessutan ikkje har varsla partane om

endringane i byggeplanane.

Det vert elles vist til den fullstendige merknaden som fylgjer som vedlegg til denne saka.

### Kirsti Moe

Ho viser til at vegen ikkje samsvarar med teikningane som var lagt ved det opphavlege nabovarselet, og at vegen er ferdig byt før det vart sendt nytt nabovarsel.

Vidare hevdar ho at den ansvarshavande kommunen har godkjent, er ugild og at dette må sjåast på som ein grov sakshandsamingsfeil frå kommunen si side.

Det vert elles vist til den fullstendige merknaden som fylgjer som vedlegg til denne saka.

### Kommentarar til klagene frå tiltakshavar

Tiltakshavar kommenterer i brev dagsett 28.07.2015 klagene frå naboane, og viser til at vegen er lagt i samsvar med krav frå seksjon for kulturarv i fylkeskommunen og slik domen i jordskifteretten opnar for.

Det vert og vist til at den ansvarshavande for arbeidet er godkjent av kommunen ut frå sine kvalifikasjonar for denne typen arbeid.

Tiltakshavar viser og til at trass i mangelfull nabovarsling, har Sigmund Moe heile tida vore kjent med arbeidet og framdrifta av dette.

Det vert elles vist til den fullstendige kommentaren som fylgjer som vedlegg til denne saka.

### **Vurdering:**

Når det gjeld den formelle delen av denne saka, er det på det reine at varslinga av naboane har vore mangelfull, og tiltakshavar erkjenner og ber om orsaking for dette.

Det er likevel vanskeleg å sjå at den mangelfulle varslinga i høve til endringane av prosjektet har hatt noko å seie for utfallet av saka.

Fylkeskommunen sitt krav har ført til at vegen vart lagt heilt inntil steingarden, noko som ikkje kan seiast å føre til ulempe for naboane, kanskje snarare tvert om.

Heller ikkje lengjinga av vegen og endring av utforminga av parkeringsplassen inne på søkjaren sin eigedom gnr. 17 bnr. 8, kan seiast å føre til noko ulempe for naboane.

Når det gjeld kommunen si godkjenning av den ansvarshavande, er det rett slik som tiltakshavar skriv, at denne bygger på ei vurdering av faglege kvalifikasjonar for denne typen arbeid.

Merknadane frå naboane inneheld elles element av privatrettsleg karakter, som kommunen ikkje kan ta stode til.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	01.09.2015	036/15	GRS

Saksansv.: Gro Sørensen	Arkiv: K1-033, K3- &17 Objekt:	Arkivsaknr 15/18
-------------------------	--------------------------------------	---------------------

### Meldingssaker til forvaltningsstyret.

1. Klageavgjer.	Endring av reguleringsplan for Øyren – Bokn kommune.
2. Reguleringsplan Vågaheia	Melding om at tiltakshavar utsett saka
3. Gnr. 11 Bnr. 309 + 185	Rune Stangeland Eigedom AS – tilbygg og påbygg lager/industribygg – rammeløyve
4. Gnr. 7 bnr. 8	Helge Solberg – Molo
5. Gnr. 16 bnr. 5	Jan Are – tilbygg driftsbygning

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingssakene tas til orientering.

### **01.09.2015 FORVALTNINGSSTYRE**

### FV-036/15 VEDTAK:

Meldingssakene vart tatt til orientering.



